

Skulemusikken vert glad for gevinstar til basaren.

08.10.2015



Hege og Janne fekk inn mange fine gevinstar til skulemusikkbasaren i fjor. Håpar på det same i år.

**Sesongen er godt i gang i skulemusikken, og det nærmar seg skulemusikkbasar. Den vert 15. november etter same mønster som dei to siste åra. Då vart den svært vellukka med mykje fint i handarbeid blant gevinstane. No håpar skulemusikken nokon kan bidra med gevinstar; - heimalaga eller anna.**

Også i år vender skulemusikken seg til folk i bygda, og håpar at dei kan bidra til at gevinstlista på basaren vert minst like fin også dette året. I tillegg skal dei gjenta storsuksessen dei to siste åra med adventskalender, og treng gevinstar også til den.

Gevinstar kan ein levera til ein i skulemusikken, men dersom det er noko ein lurer på, kan dei venda seg til Janne G. Hjønnevåg (977 08 567) eller Hege Lekva (988 07 713) som også dette året er ansvarlege for basaren. Til handarbeid kan ein avtala dekking av utgifter.

Dei understrekar at dei er svært takksame for velviljen dei møter i arbeidet med skulemusikken, og legg til:  
 - Det er vi svært glade for, og vi er heilt avhengige av det.



Nokre av dei fine gevinstane i fjar.

Tekst, nett og foto: Thor Inge Døssland.